

Den norske bokbyen er organisert i Stiftinga Den norske bokbyen, som eig eller leiger utsala, og Den norske bokbyen AS, som er driftsselskapet. Styret i Stiftinga i perioden 2011-2013 er:

Styreleiar: Kjell Harberg, Oslo

Nestleiar: Laura Kvamme, Fjærland

Styremedlemmer: Torgeir Skålid, Sogndal
Anne Mundal Skjelten, Fjærland
Kjell-Arve Straumsvåg, Oslo

Varamedlemmer: Hanne Haugen, Fjærland
Ágúst Magnússon, Førde

Styret i Den norske bokbyen AS er samansett av styremedlemmer i Stiftinga.

Eivind Ødegård er dagleg leiar i Den norske bokbyen.

Du kan kontakte oss på desse adressene:

Den norske bokbyen, 6848 Fjærland,
tlf. 57 69 22 10

E-post: post@bokbyen.no

Heimeside: www.bokbyen.no

VENER AV DEN NORSKE BOKBYEN



Er du ein ven av bøker? Då er du òg ven av Den norske bokbyen. For Bokbyen er bøker. Nesten berre bøker. Men òg eit opphald nokre timar, nokre dagar, i ei vakker vestlandsbygd der du kan finne mange opplevingar i tillegg til Bokbyen: Norsk Bremuseum, fjelltur til Jostedalsbreen - eller ei flott oppleving av Suphellebreen eller Bøyabreen utan at du sjølv må ut i is og snø. Og berre ein halvtime til Astrup-tunet i Jølster.

Men viktigast av alt: Her, i vesle Fjærland, finn du om lag 200 000 band brukte bøker. Alle forfattarar, norske og utanlandske. Alle tenkjelege tema - og mange du ikkje har tenkt på. Du går 300 meter - og finn 13 bokutsal, store og små. Den norske bokbyen driv sjølv dei fleste, dertil kjem Straumsvågs antikvariat med fleire titals tusen bøker.

Vil du bli ein ven av Den norske bokbyen? Det kostar deg berre kr 300,- kvar boksesong - eller det kan teiknast bedriftsmedlemskap som gjeld for alle tilsette for kr 5000,- kvar sesong.

Kva får du attende? Ikkje berre den gode opplevinga i Fjærland. Vi, Bokbyen og andre tiltak i Fjærland, vil gjerne syne at vi set pris på våre gode vener.

Difor, når du har betalt kontingenten til vår konto **3720.12.73111 (hugs namn, adresse og e-postadresse)**, får du eit medlemsbevis. Det kan du bruke i Bokbyen og i Fjærland:

- 10 % rabatt på bokkjøp i utsala i Den norske bokbyen
- 10 % rabatt på bokkjøp i Straumsvågs antikvariat
- 10 % rabatt på overnatting og på mat i spisesalen på Hotel Mundal
- 10 % rabatt på overnatting på Bøyum Camping
- 25 % rabatt på inngangsbillett til Norsk Bremuseum

Den norske bokbyen

vart stifta i 1995, og frå 1996 har Bokbyen vore open kvart år frå 1. mai til september. Utsala er opne alle dagar frå kl. 10.00 til kl. 18.00.

Bokby-ideen kom frå Wales, frå den vesle byen Hay-on-Wye, der verdas første bokby vart etablert. I dag er det ei rekkje bokbyer i Europa og nokre er òg etablerte i USA og i Asia. I alle bokbyane, ikkje minst i Fjærland, finn du bøker som ikkje lenger er til sals i bokhandelen, og svært mange finn du heller ikkje i vanlege antikvariat.